



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda Region 1

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2010/64 433.52 28.05.2010

Protokoll frå møte i rovviltnemnda 26.05.2010

Rovviltnemnda hadde møte på Quality Hotell Sogndal i Sogndal, 26. Mai 2010. Frå nemnda møtte Norvall Nøringset, Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter og Magnar Lussand. Frå sekretariatet, Fylkesmannen i Rogaland, stilte Birger Aasland og Anders Braa.

Før møtet blei sett orienterte Kontaktutvalet for rovviltsaker i Sogn og Fjordane om synspunkt og aktuelle saker v/Jon Nummedal. Til dømes blei det streka under behovet for samordna forvaltning av jerv i grenseområda til Region 3, kvalitetssikring av bestandsregistrering og god lokal dialog og behov for effektive uttak. Arne Rebni Øverås orienterte om jerveforekomsten i Indre Sogn og Alf Erik Rørvik frå S&F Skogeigarlag orienterte om nyetablert skadefellingslag i Sogn og Fjordane. Landbruksavdelinga til Fylkesmannen orienterte om radiobjølleprosjektet i fylket og arbeidet med å avdekke tapsårsakar.

Sak 06/10: Rein Arne Golf orienterte om status for rovvilt i Sogn og Fjordane og Hordaland før formelt møte blei sett. Uttaket av jerv i vinter har ført til markert mindre jervaktivitet. 1 individ er dokumentert i Indre Sogn etter uttaket. Ein jerv står att i området Rogaland/Agder/Telemark etter uttak av 1 jerv her i månadsskiftet april/mai. Det er førebels ikkje dokumentert forekomst av bjørn eller ulv i regionen. Hermund Mjelstad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane orienterte kort om registrering av kongeørn i fylket. Fylkesmennene vil så snart som råd samordna seg i høve til eit felles opplegg for kartlegging av status.

Sak 07/10: Vedtak av kvote for betinga skadefelling i perioden 2010/2011 blir sendt ut som eigen sak.

Sak 08/10: Nemnda vedtok å arrangere møte med Miljødepartementet og statsekretær Heidi Sørensen i Bergen 2. September i år. Sekretariatet får i oppgåve å lage utkast til program for maksimum 6 timar, der organisasjonane får tilstrekkeleg høve til å fremje sine synspunkt i tillegg til aktuelle styresmakter. Samarbeid med Region 3 er og eit stikkord.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Norvall Nøringset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Nemnda legg opp til ordinært haustmøte, med mellom anna vedtak av lisensfellingskvote, på ettermiddagen 1. September. Sekretariatet ordnar med felles overnatting på hotell i Bergen. Vi utfordrar fylkesmannen i Hordaland til å hjelpa til med praktisk tilrettelegging for dagsmøtet 2. September.

Sak 09/10: Møtet gikk gjennom ein del røynsler frå møtet med Miljøverndepartementet på Gardermoen 3-4. mai. Nemnda blei oppfordra til å sende inn reiserekningar og lønsskjema så snart som råd etter møtet.

Protokollen og vedtak om kvote for betinga skadefellingsløyver blir lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sine heimesider og på sharepointsidene til rovviltnemndene.

Med helsing

Norvall Nøringset

leiar for rovviltnemnda

Anders Braa

for sekretariatet

Kopi pr epost:

- Fylkesmennene i Region 1



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste

Dykkar ref:

Vår ref.:
2010/64

Arkivnr.:
433.52

Dato:
28.05.2010

Vedtak om kvote for betinga skadefelling i Region 1 i perioden 01.06.2010 - 15.02.2011

Rovviltnemnda vedtok kvote for betinga skadefelling på møte i Sogndal 26.05.2010. Frå nemnda møtte Norvall Nøringset, Oddny Omdal, Magnar Lussand og Marit Barsnes Krogseter. Nemnda syner til sekretariatet sitt saksframlegg og informasjon på møtet frå Rein Arne Golf frå SNO.

Nemnda har vedtatt større kvote for ulv, bjørn og gaupe enn sekretariatet har innstilt på. Nemnda si grunngeving er at det nasjonale bestandsmålet for gaupe er nådd, og for dei andre artane er det stigande tal. Nemnda syner og til at ulv skal forvaltast innafor ulvesona.

Vedtak

I perioden 01.06.2010 til 15.02.2011 kan fylkesmennene i Region 1 nytte desse kvotene for betinga skadefelling:

<i>Art</i>	<i>Tal</i>
<i>Ulv</i>	<i>1</i>
<i>Bjørn</i>	<i>2</i>
<i>Gaupe</i>	<i>3</i>
<i>Jerv</i>	<i>4</i>

Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotene tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt. Iverksetting av løyva skal til ein kvar tid vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for Region 1.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal handsamast av Miljøverndepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Norvall Nøringset
leiar for rovviltnemnda

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Norvall Nøringset
Telefon: 57826706/95038575/57721970
norvall.noringset@sf-f.kommune.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Vedlegg: Saksframlegg frå sekretariatet

Adresseliste:

Sendast på epost til:

- Rovviltnemnda Region 1
- Fylkesmennene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Vest-Agder
- SNO v/Jon Erling Skåtan og Rein Arne Golf
- Mattilsynet
- Fylkeslaga av Norges Bondelag
- Fylkeslaga av Norges Sau-og geitlagslag
- Foreningen Våre Rovdyr
- Fellesaksjonen for ulv
- Norges naturvernforbund
- Fylkeslaga av NJFF
- Turistforeningane i Region 1

Saksframlegg frå sekretariatet

07/10: Fastsetting av kvote for betinga skadefelling i Region 1 for perioden 01.06.2010 – 15.02.2011.

Saksopplysningar

Etter forskrift om forvaltning av av rovvilt §8 skal rovviltnemnda fastsette kvote for betinga skadefelling av jerv, bjørn, gaupe og ulv til fylkesmannen. Ei føresetnad er at vilkåra i §7 er oppfylte. Løyva kan nyttast i akutte skadesituasjonar for å hindre skade på bufe. Løyva kan nyttast i tidsrommet 01.06.10-15.02.11.

Vilkåra i §7 er i dette høvet krav om at vedtaket bygger på bestandsdata frå nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt. For bjørn og ulv skal nemnda ta utgangspunkt i siste års yngling. For jerv og gaupe skal ein bygga på gjennomsnitt av dokumenterte data om ynglingar dei siste 3 åra. For Region 1, som ikkje har nasjonale mål om årlege ynglingar for nokon av desse artane, er desse måla ikkje avgrensande for nemnda sitt høve til å treffe vedtak om felling. §7 legg til grunn at nemnda følgjer forvaltningsplanen i sine vedtak, til dømes om felling. Kunnskap om rovviltartane og om skadesituasjonen skal og ligge til grunn for vedtak. Etter vedtak om felling om kvote skal all iregulær avgang av rovvilt belastast den same kvota.

Rovviltnemnda sitt vedtak etter §8 er eit einskildvedtak som kan påklagast til MD innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjend. Fylkesmennene sin iverksetting av betinga skadefellingsløyver kan og påklagast. DN er klageinstansen i desse høva.

Det ligg ikkje føre bestandsestimat for dei store rovpattedyra før etter 15. mai. Så langt ligg det ikkje føre rapport frå nasjonalt overvakingsprogram. Nemnda må difor gå ut frå førebels anslag på bestandstorleik.

Jerv

Nemnda vedtok ei kvote på 6 jervar i regionen til lisensfellingsperioden 2009/2010. Ingen av desse blei felt. Etter 15.02 blei det tatt ut 5 jervar (3 tisper) i indre Sogn i regi a SNO. I tillegg

ble det felt ein jerv i Bykle, ikkje langt frå Suldal. Det er dokumentert at det i vinter var enno eitt dyr i Nord-Rogaland.

I Norge er det pr 21. mai i år registrert 26 ynglehi i landet etter at 12 er tatt ut. Det nasjonale overvakingsprogrammet estimerer at det vinteren 2009 var om lag 330 jervar i landet. Tal ynglingar dei 3 siste åra i landet er slik:

	2007	2008	2009
Overlevande ynglehi	40	41	46
hiuttak	11	10	7

Nasjonalt mål for ynglande jerv er 39 pr år. Pr i dag er bestanden over dette målet.

Gaupe

Det blei ikkje felt gaupe i jaktperioden i Region 1 i 2010. I landet blei det i år felt 134 gauper av ein kvote på 149. Dette er eit historisk høgt uttak. Det er ikkje tilgjengeleg tal på registrerte familiegrupper av gaupe i landet for i år, men pr 2009 var det i gjennomsnitt dei 3 siste åra 72 ynglegrupper i landet. Nasjonalt mål er 65 årlege ynglingar i landet. Gaupe finst truleg spreidd i alle fylka i regionen.

Ulv og bjørn

Det er ikkje dokumentert førekomst av ulv eller bjørn i regionen i 2009 eller 2010.

Vurdering

Erstatningsoppgjeret for tap av bufe til rovvilt syner desse tala i form av tal tapte sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2009:

	Gaupe	Jerv	Kongeørn	uspesifisert
Sogn og Fjordane	174	670	89	1
Rogaland	37	21	68	
Hordaland			13	
Vest-Agder	2		1	

Det tatt ut 11 jervar som ekstraordinær felling i 2009 og 5 i 2010 i regionen. Pr i dag er det truleg lite jerv att i Indre Sogn. Dei gunstige tilhøva vil likevel lett føra til at nye individ trekker inn i området utover beitesesongen. Pr i dag er det godtatt 2 ynglingar i Oppland: 1 i Lesja og 1 i Nord-Fron. Region 3 har mål om 4 årlege ynglingar. Det vil framleis vere naudsynt å ha ei kvote for betinga skadefelling.

Det vil og vere rett å ha ei kvote for å sikre raskt uttak av gaupe, dersom det er fare for skade og det er høve for det.

Vi vil foreslå ein kvote på 0 når det gjeld ulv, og 1 bjørn. Ulvebestanden er liten, og særleg utsett i høve til innavlsproblematikk. Det er difor viktig å vere sikker på at førekomst av ulv ikkje er genetisk viktige individ før vedtak om felling. Den norske bjørnebestanden er enno ikkje i nærleiken av det nasjonale målet. Begge desse artane er som bestandar knytt opp til dei mest austlege delane av landet.

Oppdatert kunnskap om bestandane frå SNO på møtet bør og vurderast i høve til kvotefastsettinga.

Framlegg til vedtak

I perioden 01.06.2010 til 15.02.2011 kan fylkesmennene i Region 1 nytte desse kvotene for betinga skadefelling:

<i>Art</i>	<i>Tal</i>
<i>Ulv</i>	<i>0</i>
<i>Bjørn</i>	<i>1</i>
<i>Gaupe</i>	<i>2</i>
<i>Jerv</i>	<i>4</i>

Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotene tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt

Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedteket er motteke. Klagen skal handsamast av Miljøverndepartementet, men sendast til rovviltnemnda.